


# Sæbø skule

*Ein trygg stad å vera – ein god stad å læra*



Kvar månad vert det sendt heim eit skjema der den einskilde elev sin orden og åtferd vert vurdert.

## **Forskrift til Opplæringslova**

### **§ 3-5. Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd**

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen.

**Grunnlaget for vurdering i orden** er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleig, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

**Grunnlaget for vurdering i åtferd** er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Utarbeidd i tråd med Forvaltningslova § 2, Opplæringslova §2-9, Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler, Udir-07-2005 og endring i forskrift til Opplæringslova (trådt i kraft 01.08.09).  
Personalet, elevrådet, FAU og SU/SMU har vore høyringsorgan.

Ordensreglane slik dei no ligg føre er vedtekne av rektor 12.02.2010 og er gjeldande frå 01.03.2010

# ***Forskrift til ordensreglement for Sæbø skule***

Reglane for skulen gjeld på skulen sitt område i heile opningstida til skulen: 07:30 – 16:30.

Reglane gjeld og ved undervisning utanfor skulen sitt område.

Rekkjefølgja av konsekvensar vert vurdert utfrå alvorlet i situasjonen.



## **Orden:**

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleig, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr (forskr. til oppl.love §3-5).*

### **På rett stad til rett tid**

1. Eg er presis til timar og aktivitetar, både om morgonen og etter friminutt/pausar.

### **Rett arbeid/innlevering til rett tid**

2. Eg er førebudd til timane. Eg har innleveringar og underskrifter klare (dette gjeld og melding etter fråver). Eg fuskar ikkje på prøvar, ved innlevering eller i skulearbeidet generelt.

### **Rett læremiddel og utstyr til rett tid**

3. Eg har med meg naudsynt utstyr til timane; det gjeld bøker, skrivesaker og klede. Yttertøy er plassert på tilvist plass før eg går til undervisning.

#### *Konsekvensar ved brot på regel 1- 3:*

Registrering i protokoll - melding til heimen via månadskjema - samtale med elev - samtale med føresette. Vurdering om det er naudsynt å ringje heimen direkte.

### **Arbeidsvanar**

4. Eg kjem raskt igong med oppgåver og aktivitet.

#### *Konsekvensar ved brot på regel 4:*

Varsel til elev (høve til betring) - registrering i protokoll ved gjentaking av regelbrot i same undervisningsøkt - melding til heimen via månadskjema – samtale med føresette.

# Åtferd

*Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre (forskr. til oppl.lov § 3-5).*

## **Omsyn og respekt**

5. På skulen oppfører eg meg slik at andre ikkje kjenner seg plaga, mobba eller krenkja. (jfr. Opplæringslova §9a-1)
  - *Skulen har eigen handlingsplan mot mobbing*
  
6. På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje uroar eller øydelegg for andre, og eg held meg innanfor skulen sitt område i skuletida.

### *Konsekvensar ved brot på regel 5- 6:*

Varsel til elev (høve til betring) - registrering i protokoll ved gjentaking av regelbrot i same undervisningsøkt - melding til heimen via månadskjema – samtale med kontaktlærer eller rektor - samtale med føresette - eleven kan verta fjerna frå klassen i kortare periodar (t.d. ein undervisningstime). Alvorlege hendingar kan føre til bortvising frå skulen resten av dagen.

7. På skulen oppfører eg meg slik at eg ikkje øydelegg skulen eller skulen sine bøker og utstyr.

### *Konsekvensar ved brot på regel 7:*

Registrering i protokoll - melding til heimen via månadskjema - betale erstatning for det ein øydelegg (føresette er erstatningsansvarlige etter skadeerstatningslova § 1–2 for inntil kr. 5.000). Alvorlege hendingar kan føre til bortvising frå skulen resten av dagen.

## **Nettvett og bruk av digitalt utstyr**

8. Eg brukar internett og digitalt utstyr slik tilsette på skulen har instruert meg.

### *Konsekvensar ved brot på regel 8:*

Varsel til elev (høve til betring) - registrering i protokoll ved gjentaking av regelbrot i same undervisningsøkt - melding til heimen via månadskjema - misse rett til bruk av pc og/eller anna digitalt utstyr i ein avtalt periode (t.d. to veker).

## Utstyr/gjenstandar

9. Mobiltelefonen er slått av i skuletida. Eg nyttar heller ikkje anna utstyr/gjenstandar som kan uroa i skuletida, skada eller vere til ulempe for andre.
- Skulen er ikkje ansvarleg for mobiltelefon eller anna utstyr som elevane har med seg.
  - Syklar som vert nytta til og frå skulen skal parkerast ved tilviste stativ.

### Konsekvensar ved brot på regel 9:

Registrering i protokoll - inndraging av utstyr/gjenstand - etter avtale med skulen kan utstyr/gjenstand hentast på rektor sitt kontor når skuledagen sluttar. Melding til heimen via månadsskjema.

## Mat/snop

10. På skulen et og drikk eg det som er sunt og næringsrikt. Snop, tyggis, drops, brus etc. har eg ikkje med meg. Me kosar oss ved særskilde høve. Då får eg melding om det på førehand.
- Når eg har sår hals, har eg med melding heimefrå dersom eg skal nytta halstablettar.

### Konsekvensar ved brot på regel 10:

Registrering i protokoll - inndraging av snop, tyggis drops, brus etc. - melding til heimen via månadsskjema.

## Rusmidlar:

Styresmaktene seier:

*"Det er ikkje lov å ha med seg eller nytta tobakk og andre rusmidlar"*

..... **Klipp av og lever på skulen** .....



**Eg har lese reglane og vil gjera mitt beste for å følgje dei.**

**Ein av mine føresette har lese og gått igjennom reglane saman med meg.**

Dato: \_\_\_\_\_

Eleven sitt namn : \_\_\_\_\_



Føresette: \_\_\_\_\_